

Invitasjon til emisjon i Voldsfjordkryssing AS

Voldsfjordkryssing AS inviterer eksisterande og nye aksjonærar til å delta i ein open emisjon for å styrkje det vidare arbeidet med eit av dei viktigaste samferdselsprosjekta for Volda, Dalsfjorden, Vanylven, Nordfjord og Søre Sunnmøre:

Ferjefrie, framtidsretta kryssingar over Voldsfjorden og Dalsfjorden.



Målet er klart og realistisk: Å erstatte ferjesambanda Volda–Folkestad og Volda–Lauvstad med bruer som bind regionen tettare saman og legg grunnlag for vekst, busetjing og næringsutvikling i fleire generasjonar framover.

Bru over Voldsfjorden. Kommunestyret i Volda vedtok den 30. august 2018 planprogrammet for kryssing av Voldsfjorden utarbeidd av Multiconsult.

Bru over Dalsfjorden. Planprogram for kryssing av Dalsfjorden utarbeidd av Asplan Viak vart godkjent av kommunestyret 15.oktober 2020.

Med ferjefrie kryssingar kan Volda utviklast vidare som ei meir tilgjengeleg og samanhengande kommune, med kortare reisetid, større bu- og arbeidsmarknad og betre tilgang til viktige tenester som sjukehus, høgskule, arbeidsplassar, handel og næringsliv. Dette er eit prosjekt med stor samfunnsverdi.

Eksterne vurderingar gjort av prosjektet har konkludert at flytebru er billigaste og beste løysinga for både brusambanda. Styret arbeider difor med dette som utgangspunkt for realiseringa.

Ei bru over Voldsfjorden vil kunne redusere den ferjefrie køyreavstanden mellom Volda/Ørsta-regionen og Nordfjord med om lag 40 km. Det gir også meir føreseielege transportløysingar for næringslivet og styrkjer regionen sin attraktivitet for rekruttering, investeringar og ny aktivitet.



Voldsfjorden. Riksvegsamband

Ei bru over Dalsfjorden vil knyte Volda Kommune saman i ei integrert infrastrukturløysing i tillegg til å gi eit felles arbeids- og samferdselsgrunnlag mellom kommunane Vanylven, Stadt og Volda/Ørsta.



Dalsfjorden. Fylkesvegsamband

Utgreiingane viser at dei to bruene vil opne for ein utvida bu- og arbeidsmarknad på om lag 20 000 - 30 000 personar. Det vil auke grunnlaget for arbeidsplassar, kompetansemiljø, offentlege tenester, det vil også gi betre beredskap og lokal verdiskaping for heile regionen.

Voldsfjordkryssing AS arbeider no vidare med kunnskapsgrunnlag, konseptval, politisk forankring og samarbeid med relevante fagmiljø.

Det er mellom 40 og 50 påtenkte brusamband på kyststrekninga Agder i sør til Troms i nord der minst 10 av desse ligg i Møre og Romsdal. Alle desse brusambanda har felles utfordringar som må løysast.

Det er i hovedsak to utfordringar som er avgjerande for realiseringa av desse prosjekta og som styret arbeider aktivt for å løyse:

A. Politiske vilkår:

- a. Ferjeavløysingsmidlar; gjeld i dag berre fylkesvegar, dette må gjelde både riksvegar og fylkesvegar.
- b. Moms; til like med jernbaneprosjekt skal heller ikkje bruprojekt budsjetterast med moms kostnader.
- c. Finansieringstid: Det bør innførast 40 års nedbetalingstid.
- d. Det bør innførast statleg eller fylkeskommunale fond/garantiar for finansiering av desse prosjekta.

Til dette formålet er Voldsfjordkryssing AS med i ei samarbeidsgruppe i lag med ei rekkje brusamband frå Agder i sør til Troms i nord, fylkeskommunar og andre sentrale aktørar. Gruppa er leia av Tove Lise Torve (Dagleg leiar i Todalsfjordprosjektet). Gruppa driv aktiv lobbyverksemd mot sentrale politikarar i Stortinget, regjeringsapparatet og departement, samt LO, NHO og fleire andre for å få endra desse rammevilkåra.

B. Tekniske og økonomiske vilkår:

Ved planlegging av denne typen bruprojekt vert det med dagens regelverk, budsjettert med store ekstrakostnader grunna framtidig usikkerheit i gjennomføringa. Ein betydeleg del av desse meirkostnadane er relatert til prosjekteringskostnader – det vil seie planlegging-, konstruksjon- og oppfølgingskostnader.

Voldsfjordkryssing AS er initiativtakar til- og har samla ei gruppe faginstansar som vil forske på nettopp det å få redusert kostnadene for planlegging, produksjon og installasjon av flytebruer. Dette skjer gjennom konkret initiativ til forskingsprosjekt i samarbeide med både lokal- og nasjonal- industri og akademiske miljø.

Gruppa vil arbeide med å standardisere og bygge flytebruer i modular av stål og betong, slik at desse kan serieproduserast og der konstruksjonen kan nyttast på fleire samband.

Det er et klart mål å redusere prosjekteringskostnadene med 20 - 30%, noko som vil vere utløysande for realiseringa av både våre og andre sine brusamband.

Dette vil i neste omgang være sterkt bidragsytande til ei auka verdiskaping i lokal produksjon langs kysten.



Det er i fyrste omgang levert inn søknad om finansiering til Forskningsrådet under programmet Grønn Platform, med prosjektnamn *FLOATBRIDGE+*, *Industrialiserte flytebrukonsept for bærekraftig kystinfrastruktur*. Her har Voldsfjordkryssing AS fått med sterke samarbeidspartnarar som stålprodusent - Bauta Group, forskings- og ingeniørfirma Sintef Ocean, Dr. techn Olav Olsen, Susteni og Ålesund Kunnskapspark/Ocean Simulator Center i tillegg til betongprodusent - Ulstein Betongindustri. Vi har i tillegg med Halsafjordsambandet AS som interessepart.

Prosjektet vil gå over 3 år og målet er standardisering, kostnadsreduksjon og betre gjennomføringsmodellar for framtidige fjordkryssingar.

Prosjektet er godkjend i første utveljing, før den vidare godkjenningsprosessen fram mot ei endeleg avgjersle ved årsskiftet.

STYRET I VOLDSFJORDKRYSSING AS

Styret har brei politisk og forretningsmessig erfaring og består av:



Oddbjørn Følsvik
Styreleiar



Arild Iversen



Judith Kvåle



Paul Sindre Vedeld



Robert Welsvik

Selskapet har ikkje tilsett dagleg leiar og styret er arbeidande utan styrehonorar.

Provenyet vil derfor gå uavkorta til vidare arbeid på politisk og teknisk nivå, jfr pkt A og B ovanfor.

EMISJONEN:

Når du teiknar nye aksjar, er du med på å halde framdrifta oppe, styrkje selskapet sitt handlingsrom og synleggjere at prosjektet har brei lokal og regional eigarskap. Kvar teikning er eit konkret bidrag til å løfte saka vidare.

I ordinær generalforsamling 27. mai 2026 vart det vedteke å redusere pålydande verdi per aksje til kr 100. Teikningskursen i kapitalauken er sett til kr 100 per aksje.

Generalforsamlinga vedtok vidare hovuddrammene for kapitalauken, med ei øvre ramme på kr 1 500 000.

Eksisterande aksjonærar får no første høve til å delta i emisjonen.

Dersom maksimumsbeløpet ikkje vert fullteikna av eksisterande aksjonærar, har styret mandat til å invitere nye investorar med mål om full teikning. Det er ikkje sett minimum eller maksimum tal aksjar per teiknar, men det kan berre teiknast heile aksjar.

Teikning av aksjar skal skje på vedlagde teikningsdokument innan 22. august 2026.

Aksjeinnskotet skal betalast til selskapet sin konto 3991.08.69721 innan teikningsfristen. Selskapet har rett til å disponere over aksjeinnskotet før kapitalauken er registrert i Foretaksregisteret. Aksjane gir fulle rettar frå og med tidspunktet for registrering av kapitalauken i Foretaksregisteret.

Slik teiknar du aksjar

1	Fyll ut vedlagde teikningsdokument.
2	Send signert teikningsdokument til selskapet innan 22. august 2026.
3	Betal aksjeinnskotet til konto 3991.08.69721 innan teikningsfristen 22. august 2026.

Vi håpar du vil vere med vidare!

Ved å teikne aksjar i Voldsfjordkryssing AS bidreg du til eit langsiktig, framtidsretta og samfunnsnyttig arbeid for betre samband, sterkare regionbygging og nye moglegheiter for Nordfjord, Volda, Ørsta, Dalsfjorden, Vanylven og resten av Søre Sunnmøre.

Med venleg helsing

Voldsfjordkryssing AS

v. styreleiar

Oddbjørn Følsvik

Tlf 95793707

E: oddbjorn.folsvik@gmail.com

Eventually spørsmål kan rettast til medlemar i styret.

Teikningsblankett

Teikning av aksjar i Voldsfjordkryssing AS

Org.nr. 916 866 615

Underteikna teiknar med dette aksjar i Voldsfjordkryssing AS i samsvar med invitasjon til emisjon. Teikningskursen er kr 100 per aksje. Teikningsfristen er 22. august 2026, og aksjeinnskotet skal betalast til konto 3991.08.69721 innan same frist.

Opplysning	Fyllast ut av teiknar
Namn / føretaksnamn	
Fødselsdato / organisasjonsnummer	
Adresse	
Postnummer og stad	
Telefon	
E-post	
Tal aksjar som vert teikna	
Samla teikningsbeløp	kr _____

Samla teikningsbeløp skal reknast ut slik: tal aksjar × kr 100. Teikninga er bindande når blanketten er signert og levert til selskapet innan teikningsfristen.

Stad og dato	Signatur
Namn med blokkbokstavar	Eventuell rolle/fullmakt ved teikning på vegner av føretak



Send signert teikningsblankett til

Voldsfjordkryssing AS

v/ Oddbjørn Følsvik,

Brautavegen 6,

6120 Folkestad.

Epost: oddbjorn.folsvik@gmail.com